



## Statsforvaltarens tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Rogaland

Tre nye verneområde:

**Ulvaskog**, Strand kommune

**Honganvik**, Sauda kommune

**Griggelia**, Sandnes kommune

Utviding av to eksisterende:

**Hylsskaret**, Suldal kommune

**Ragstjørna**, Gjesdal kommune



# Statsforvaltaren i Rogaland, juli 2024

Forsidebilde: Eik i verneforslaget Honganvik. Foto Solbjørg Engen Torvik, august 2023.

# Innhald

Innhald.....	3
1. FORSLAG .....	4
1.1. Heimelsgrunnlag .....	4
1.2. Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget .....	5
1.3. Andre interesser.....	7
1.4. Planstatus.....	8
2. SAKSHANDSAMING.....	8
2.1. Sakshandsamingsprosessar.....	8
2.2. Forholdet til utgreiingsinstruksen.....	9
2.3. Forvaltningsmynde .....	10
2.4. Høyringsprosessen og kort om innkomne uttalar .....	10
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMING AV VERNEPLANEN .....	11
3.1. Namn.....	11
3.2. Avgrensing.....	11
3.3. Verneforskriftene.....	12
4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK.....	12
5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR.....	13
5.1. Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar .....	13
5.2. Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar .....	13
5.3. Avveging skogvern – skogbruk.....	14
5.4. Forvaltningsmynde .....	15
6. SKILDRING AV KVART ENKELT VERNEFORSLAG MED MERKNADER OG STATSFORVALTARS TILRÅDING .....	15
Ulvaskog, Strand kommune .....	16
Honganvik, Sauda kommune .....	19
Griggelia, Sandnes kommune .....	23
Hylsskaret, Suldal kommune.....	28
Ragstjørna, Gjesdal kommune .....	31
7. Vedlegg .....	36

# 1. FORSLAG

Statsforvaltaren Rogaland tilrår vern av fem område i medhald av lov av 19. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova). Tre av områda er nye naturreservat, mens to av områda er utviding av eksisterande naturreservat. For ein av utvidingane blir det foreslått mindre endringar av eksisterande verneforskrift. For den andre utvidinga blir eksisterande vernevedtak foreslått oppheva og erstatta av ein ny omarbeida verneforskrift.

Tilrådinga omfattar om lag 7693,6 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er om lag 6246 dekar, og av dette er om lag 3495 dekar produktiv skog. Områda har kome fram gjennom ordninga frivillig vern av skog, der skogeigar sjølve tilbyr areal for vern.

Områda som blir foreslåtte verna, er:

Namn	Kommune	Areal (daa)	Eigarforhold	Tall råka skog-eigedommar
<b>Ulvaskog</b>	Strand	Totalt 3938 daa	Privat	3
<b>Honganvik</b>	Sauda	Totalt 2084 daa	Privat og offentlig	12
<b>Griggelia</b>	Sandnes	Totalt 1153 daa	Privat	1
<b>Hylsskaret</b> (utviding av Hylsskaret naturreservat)	Suldal	Utviding 414,3 daa Totalt 12 127 daa	Privat	1
<b>Ragstjørna</b> (utviding av Ragstjørna naturreservat)	Gjesdal	Utviding 104,3 daa Totalt 652,5 daa	Offentleg	2

## 1.1. Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfaldlova § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfaldlova § 33, mellom anna bokstavane

- a. «variasjonsbredden av naturtyper og landskap»,
- b. «arter og genetisk mangfold»,
- c. «truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter»  
[...]
- g. «økologiske og landskapsmessige sammenhenger nasjonalt og internasjonalt»

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.
- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen trua arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast.

Oppretting av verneområda bidrar til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfaldlova § 33 bokstav g (sjå over).

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtatt av Stortinget om 10 % vern av skog.

## 1.2. Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Vern av skogområda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Foreslåtte verneområde har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet samt vidareføring av dei ulike økosystemtenester skogen gir. Vern av skogområde vil bidra til langsiktig binding av karbon. Ein stor del av skogen i denne tilrådinga er relativt gammal barskog eller gammal edellauvskog, som ifølgje rapporten *Skogvern som klimatiltak* (NINA rapport 752<sup>1</sup>) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse.

Oversikt over verneverdiar, trua og nær trua natur og mangeloppfylling i verneforslaga er vist i tabellane 1.1-1.3.

Tabell 1.1. Oversikt over nokre verneverdiar i verneforslaga. Ulvaskog og Ragstjørna er ikkje kartlagt etter skoginstruks har derfor ikkje skogvernindeks. Griggelia er kartlagt etter både gammel metode der verdi er gitt som stjerner (både 2016 og 2021) og etter ny metode der verdi er gitt som skogvernindeks (2021). Hylsskaret er kartlagt etter gammel metode. \*For Hylsskaret og Ragstjørna verneverdi er vurdert for utviding og eksisterande vern, samla. For Ragstjørna er skogvurderingar berre gjort for det arealet som er skogsmark i utvidinga.

Verneverdi Område	Skog- vern- indeks	Verne- verdi	Barskog, edellauvskog, boreal skog	Rik bakke- vegetasjon	Natur- skog- nærleik	- store gamle tre	- død ved	Styvar
Ulvaskog	-	Regional- nasjonal	Barskog og edellauvskog	Mest fattig	Stadvis god	Ja	Ja	Nei
Honganvik	6,75	Nasjonal	Alle 3	Ja	God	Ja	Ja	Ja
Griggelia	3,33/** **(*)	Regional	Barskog og boreal skog	Mest fattig, rikt langs bekk og elv	Svakt	Lite	Lite	Ja
Hylsskaret	***	Nasjonal*	Barskog og boreal skog	Ja	Svakt	Ja	Lite	Nei
Ragstjørna	-	Regional*	Edellauvskog	Innslag	Ok	Ja	Ja	Nei

I denne verneplanen er verneverdiane for områda knytt til 7 ulike raudlista naturtypar i tillegg til boreonemoral regnskog u/bartredominans og bekkeløft, samtidig vil dei bidra til å bevare eit stort tal trua og nær trua artar (tabell 1.2). Desse vil bidra til å fylle manglar i skogvernet både på nasjonalt

<sup>1</sup> Framstad, E., Stokland, J.N. & Hysten, G. 2011. Skogvern som klimatiltak. Verdifulle skogtyper for biologisk mangfold og karbonlagring – NINA Rapport 752. 38 s.

og regionalt nivå (tabell 1.3). For nærare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til dei einskilde verneområda i kap. 6.

Tabell 1.2. Verneforslaga inneheld mange trua og nær trua naturtypar og artar. \*For Hylsskaret og Ragstjørna gjeld registreringane berre oppgitt for utvidingane. \*\*For alm (EN), ask (EN) og lind (NT) er registreringane truleg underestimert, då kartleggarar ikkje har krav om å registrera alle funn.

Trua og nær trua natur	Ulvaskog	Honganvik	Griggelia	Hylsskaret*	Ragstjørna*
<b>Tal naturtypar, samt regnskog</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>1</b>
Flomskogsmark (VU)	✓	✓			✓
Kalk og lågurtfuruskog (VU)	✓	✓			
Lågurteikeskog (VU)	✓				
Høgstaude edellauvskog (VU)			✓		
Frisk rik edellauvskog (NT)	✓	✓		✓	
Open flaumfastmark (NT)	✓				
Boreonemoral regnskog (NT)			✓		
Boreonemoral regnskog u/bartredominans	✓		✓		
<b>Tal artar</b>	<b>25</b>	<b>11</b>	<b>12</b>	<b>5</b>	<b>1</b>
Nær trua - NT	13	7	6	2	
Sårbar - VU	10	3	3	1	
Sterkt trua - EN	2	2	3	2	1 (eigen reg.)
Kritisk trua - CR	0	0	0	0	0
<b>Tal observasjonar** i Artskart</b>	<b>99</b>	<b>41</b>	<b>40</b>	<b>8</b>	

Tabell 1.3. Oversikt over kva for manglar i eksisterande skogvern dei einskilde verneplanane dekker.

Oppfylgging av manglar i eksisterande skogvern	Ulvaskog	Honganvik	Griggelia	Hylsskaret	Ragstjørna
Vegetasjonssone: sørboreal (SB) / boreonemoral (BN)	BN	SB	SB	MB	BN
Klart / sterkt oseanisk seksjon	Klart, O2	Sterkt, O3	Sterkt, O3	Sterkt, O3	Sterkt, O3
Lågareliggande areal (0-300 moh) ca. moh	✓ 30-420	✓ 0-600	✓ 0-500	✓ 0-500	✓ 38
God bonitetsfordeling = mykje produktiv skog	Nei	✓	✓	✓	✓
Raudlista natur, naturtypar og artar	Svært bra	Bra	Bra	Ok	Ok
Rik edellauvskog	✓	✓	✓	✓	
Flomskogsmark	✓	✓			✓
Boreonemoral regnskog	✓ mykje svært fuktig skog	Nei	✓ generelt fuktig skog	Nei	Nei
Gammal skog	✓ både furu og eik	✓	Lite	Lite	✓
Bekkekløft	Nei	Nei	✓	✓	Nei

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaga er innhenta frå Naturbase/Temakart Rogaland, Artskart, SkogAnalyse, NARIN, kartleggingsrapportar og Statsforvaltars egne synfaringar.

Dersom dei foreslåtte områda ikkje blir verna, vil dei viktigaste negative påverknadsfaktorane på naturverdiane vere hogst, ulike typar utbyggingar, vegbygging, hyttebygging, små vasskraftverk, auka friluftsbuk med slitasje og tilrettelegging. Vern av dei foreslåtte områda vil gjennom føresegner, sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å fylla viktige manglar i skogvernet. Områda vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og bevaring av levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskriftene opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan at det er den som forringar miljøet som skal betala ut frå omsynet til verneverdiane, er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i områda.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

Dersom områda ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

### 1.3. Andre interesser

#### **Kraft og energi:**

Kraftliner inngår i følgjande område:

- Ulvaskog, 11 kV
- Ragstjørna, 52 kV
- Honganvik, 11 kV

Følgjande område grensar til eller ligg nært ein kraftlinetrasé:

- Griggelia, 420 kV grensar til
- Ulvaskog, 132 kV grensar til ei kort strekning, ligg elles nokså nært
- Honganvik, 11 kV ligg nært

Det er registrert digitalt småkraftpotensial innanfor eller tilgrensande følgjande område:

- Ulvaskog (Tverrdalsbekken)
- Honganvik (Brudesløret/Honganvikfossen)

- Griggelia (Båtabekken)

Det er regulert vassdrag og utslippskanal frå reinseanlegg innanfor følgjande område:

- Ragstjørna, Oltedal kraftverk

#### **Mineral, grus og pukk:**

Det er ikkje registrert mineral-, grus- eller pukkførekomstar innanfor nokon av områda.

#### **Friluftsliv:**

Statleg sikra friluftsområde inngår i følgjande område:

- Honganvik (Hustveit)

Kartlagt friluftsområde inngår i følgjande område:

- Griggelia
- Ragstjørna

Tur- og friluftsruter inngår i, eller ligg nært følgjande område:

- Ulvaskog, inngår i
- Griggelia, ligg nært

I Ulvaskog, Honganvik og Ragstjørna er friluftsliv viktige aktivitetar. Det er et nokså enkelt friluftsliv med turar langs sti som synast mest aktuelt i dei fleste områda. Kanskje særleg i Ulvaskog, vil det likevel kunne bli stort press og slitasje langs stiar. Honganvik er også eit godt brukt område for tur langs stiane, men her er store delar av området vanskeleg tilgjengeleg. I Ragstjørna er friluftsbuken kanskje størst i samband med buldring i Learøysa, men også skogen i utvidinga kan bli nytta til nærturområde då det ligg eit fint turmål med ein gapahuk i tre like ved. Griggelia ligg meir utilgjengeleg til, og vernegrensa er lagt utanom turstien som på eit kort strekk går like forbi.

## 1.4. Planstatus

Alle areala i denne verneplanen er avsett som LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift) i kommuneplanane til dei respektive kommunane, Strand, Sauda, Suldal, Sandnes og Gjesdal. Verneforslaget i Strand inngår i eit areal som i 2023 blei markert som blågrøne strukturar – natur- og friluftsverdiar i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke (Rogaland Fylkeskommune 2020).

## 2. SAKSHANDSAMING

### 2.1. Sakshandsamingsprosessar

Dei fem områda i verneforslaget er alle kome til gjennom ordninga med frivillig vern. Det første tilbodet for kvart området kom i løpet av 2021 eller 2022. Etterpå har det kome tilbod om tilleggsareal for tre av områda, Ulvaskog, Honganvik og Ragstjørna. I Ulvaskog og Ragstjørna kom

tilleggsareala etter førespurnad frå Statsforvaltaren på grunnlag av naturverdiar i tilgrensande område til tilbodsarealet. Datoar i sakshandsamingsprosessane er sett i tabell 2.1 under.

Oppstart av verneprosessen blei for alle områda meldt i desember 2023 med eit felles oppstartsdokument, og alle områda blei sendt på samla høyring med eit felles høyringsdokument i mars 2024. Høyringsfristen var den 15. mai 2024.

Tabell 2.1. Datoar i sakshandsamingsprosessane for verneforslaga.

Namn	Tilbod inn	Kartlagt og synfart	Oppstart	Høyring
<b>Ulvaskog</b>	20.12.2022 16.03.2023	Naturtypekartlagt i 2022. Synfart av statsforvaltaren i mars og juni 2023.	11.12.22023	15.03-15.05.2024
<b>Honganvik</b>	20.12.2021 17.01.2022 14.02.2022 11.03.2022 28.03.2022	Skogkartlagt i 2022. Synfart av statsforvaltaren i august og oktober 2023.	11.12.22023	15.03-15.05.2024
<b>Griggelia</b>	22.01.2021	Kartlagt i prosjektet Kystfuruskog i 2016. Skogkartlagt i 2021. Synfart av statsforvaltaren i mai 2021.	11.12.22023	15.03-15.05.2024
<b>Hylsskaret</b>	27.01.2022	Kartlagt i prosjekt et Kystfuruskog i 2016.	11.12.22023	15.03-15.05.2024
<b>Ragstjørna</b>	26.04.2022 17.02.2024	Synfart av statsforvaltaren i september 2023.	11.12.22023	15.03-15.05.2024

## 2.2. Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaga er utarbeidd i samsvar med utgreiingsinstruksen. I kapittel 1 og 2 i dette tilråding-dokumentet blir verneforslaga grunngeve på overordna nivå, og samanhengen med nasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaga vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 skildrast kvart enkelt verneforslag og innkomne høyringsuttalar frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper omtalast. Vidare gir Statsforvaltaren si vurdering av merkningen. Etter avvegingar mellom verneverdiane i områda og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og/eller avgrensing av verneforslaga. Eventuelle endringar som følgje av høyringsuttalar blir skildra.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

### 2.3. Forvaltningsmynde

Aktuelle kommunar har gjennom høyringsprosessen fått moglegheit til å gi tilbakemelding på om dei ønsker å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke verna.

### 2.4. Høyringsprosessen og kort om innkomne uttalar

For alle dei fem verneplanane blei det sendt felles oppstartsmelding 11.12.2023 og dei blei sendt på felles høyring 15. mars 2024, med høyringsfrist 15. mai 2024. Oppstart og høyring blei også kunngjort på Statsforvaltaren si nettside, med lenker til dei same dokumenta, samt faglege rapportar nytta under verneprosessen, og i Stavanger Aftenblad og Norsk Lysingsblad. Høyringsbrev med vedlegga; høyringsdokument for fem verneområde, kart og forskrift for kvart enkelt verneforslag, samt adresseliste, blei sendt til alle grunneigarar i verneplanane, naboar, alle kommunane i Rogaland og ei rekke lokale, regionale og sentrale høyringsinstansar:

BirdLife Rogaland v/ Leder: Steinar Eldøy, Arkeologisk museum UIS, Dalane Energi, Fagne, Forum for natur og friluftsliv Rogaland, Friluftsrådet Vest, Haugaland Kraft AS, Haugaland sopp og nyttevekstforening, Haugesund Turistforening, Jæren Everk, Jæren Turlag, Jærsoppen, KE nett, LNETT AS, Lyse Kraft DA, Lysefjorden Utvikling, v/ Helge Kjellevold, Naturvernforbundet i Rogaland, Norges jeger- og fiskerforbund, avd. Rogaland, Rogaland Bonde & Småbrukarlag, Rogaland Bondelag, Rogaland Botaniske Foreining, Rogaland flaggermusgruppe (Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus, NIFF), Rogaland fylkeskommune v/ Thorsten Gøtterup, Rogaland Idrettskrets, Rogaland Natur og Ungdom, Rogaland Orienteringskrets, v/ Sveinung Svebestad, Rogaland Sau og Geit, Ryfylke Friluftsråd, Ryfylkemuseet, Sauda Turlag, Skogselskapet i Rogaland, SNO Statens naturoppsyn i Rogaland, Stavanger Turistforening, Universitetet i Stavanger, Avinor AS, Bane NOR SF, Miljøstiftelsen Bellona, BirdLife Norge, Direktoratet for Mineralforvaltning, Den Norske Turistforening, Forsvarsbygg, Framtiden i våre hender, Friluftsrådernes Landsforbund, Jernbanedirektoratet, Kommunal- og Distriktsdepartementet, Klima- og Miljødepartementet, Landbruks- og Matdepartementet, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Miljødirektoratet, Natur og Ungdom, Norges Geologiske Undersøkelser, NHO Reiseliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Bondelag, Norges Fjellstyresamband, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Bergindustri, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Oljedirektoratet, Riksantikvaren, SABIMA, Skogselskapet, Språkrådet, Statens Kartverket, Statens vegvesen, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo og WWF-Norge.

Til oppstartsmeldinga som vart sendt 11.12.2023, kom det 18 uttalar. Desse er omtalt og svart ut i høyringsdokumentet, og dei fleste blir ikkje gjentatt her, men kan finnast her: [Forslag om vern av fem skogområde i Rogaland | Statsforvaltaren i Rogaland \(statsforvalteren.no\)](#). Det kom inn 11 høyringsuttalar til verneforslaga i høyringsperioden med frist 23.05.2024. Desse er omtalt under dei einskilde verneforslaga områda i kapittel 6.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) svarte verken på oppstart eller høyring. Ved telefonisk kontakt blei det stadfesta at ingen av verneforslaga vil råke interesser DMF er sett til å ivareta.

Språkrådet uttalte seg til oppstartsmeldinga og hadde ingen merknader til foreslåtte namneforslag.

Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE) hadde merknader til oppstartsmeldinga om at standardfråsegner knytt til nettanlegg måtte bli inkludert i verneforskriftene der det er slike anlegg. Det gjelder Ulvaskog, Honganvik, Griggelia og Ragstjørna. Dei presiserte også at dei som driftar slike anlegg og dei som er områdekonsesjonær i områda, må komma med konkret uttalar til kvart enkelt verneforslag kor dei har interesser.

Norges Orienteringsforbund og Jærsoppen har komme med generell uttale til alle verneforslaga og ber om at deira aktivitet blir tillate i alle verneforslaga.

### **Statsforvaltarens kommentar til dei generelle merknadene**

Statsforvaltaren tar merknadene frå Språkrådet og NVE til orientering.

Statsforvaltaren svarar Norges Orienteringsforbund og Jærsoppen at me meiner deira aktivitetar kan skade formålet med vernet og at det finst store nok areal utanfor verneområda til slike aktivitetar. Me vil derfor ikkje endra forskriftene og tillata deira aktivitetar i verneområda.

## **3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMING AV VERNEPLANEN**

### **3.1. Namn**

Gjennom heile verneplanprosessen er det ikkje kome inn forslag til namneendringar for nokon av dei fem verneforslaga.

### **3.2. Avgrensing**

Det er blitt gjennomført endringar i avgrensing for tre av områda etter oppstartsmelding og høyring.

For utvidinga av Ragstjørna blei det etter oppstartsmeldinga lagt til eit areal på ca. 5,5 daa i nord. Dette arealet ligg på Gjesdal kommune sin eigedom og omfattar eit restareal som naturleg høyrer med til myra, myrskogen og våtmarka. Ingen grenseendring er gjort etter høyringa.

I Griggelia har det etter høyringa, blitt gjort mindre justeringar langs kraftleidningstraseen som går sør for foreslått verneforslag. Vernegrensa sør for Griggelitjørn har blitt justert på grunnlag av 4 argument: 1) for å sette eit grenspunkt på ein lett tilgjengeleg stad, 2) for å halde vernegrensa utanfor rydde- og råderettsbeltet til eksisterande 420 kV kraftleidning, 3) for å unngå at driftstraseen for kraftleidningen går inn i verneområdet og 4) for å inkludera heile myrområdet aust for tjørna i

vernet (også delen som ligg i råderettsbeltet). Argument 1 er berre for å gjere grensemerkinga enkel. Argument 2 og 3 er for å gjere forvaltinga av verneområdet enklare ved at ein slepp mykje ferdsel inne i verneområdet. Argument 4 er for å gi heile myra eit betre vern (dette er meir utdjupa i kap. 6, Griggelia). Samla sett blir verneforslaget ca. 2 daa mindre enn i høyringsforslaget.

I Honganvik er det etter oppstartsmeldinga og seinare også etter høyringa, gjort grenseendringar like nord for Honganvik. Grenseendringa skuldast eit småkraftpotensial i Brudesløret/Honganvikfossen, der først grunneigarar utanfor verneforslaget, men seinare også innanfor verneforslaget ønsker at det sikrast moglegheit for ei eventuell framtidig vassdragsutbygging. Vernekartet blei før høyringa endra slik at verneområdet ikkje gjekk heilt bort til nedre del av elva ved Honganvikfossen. Altså blei grensa trekt vekk frå elva på den strekkingen som grensar til naboegedommen til grunneigaren som kom med innspelet til oppstartsmeldinga. I høyringsrunden kom det ikkje innspel på den foreslåtte avgrensinga, men sterkare ønske/krav om at verneforskrifta skulle ta inn fråsegn som skulle gjelda ei eventuell framtidig utbygging. Innspela og Statsforvaltars kommentarar og vurderingar er utdjupa i kapittel 6, Honganvik. Statsforvaltaren har i prosessen vore i tett dialog med skogeigarorganisasjonen AT Skog, men ser at det kan vere rom for ulik tolking av fråsegn. Statsforvaltaren har også vore i dialog med Miljødirektoratet undervegs. Etter høyringa er vernegrensa mot fossen endra endå litt meir slik at avstanden til Honganvikfossen vurderast stor nok (> 20 m) til at ei framtida utbygging med bora vasstunnel i fjellet, kan skje utan at det påverkar verneområdet og verneverdiane negativt. Også eit litt flatare parti nedst verneforslaget og øvst i Honganvikfossen er tatt ut av vernet. Samla sett blir verneforslaget ca. 3 daa mindre enn i høyringsforslaget.

### 3.3. Verneforskriftene

Etter høyring er det gjort betydelege endringar i forslag til verneforskrift for Griggelia og Ragstjørna. I verneforskrifta til Honganvik naturreservat er det gjort ei lita tilføyning. Endringane er detaljert omhandla i kap. 6, under dei respektive verneplanane. Mindre endringar som korreksjonar av tal og skrivefeil er ikkje nemnd.

I forskrift til Griggelia naturreservat er det gjort endringar som omhandlar nærliggande kraftleidning.

Forskrifta til Ragstjørna naturreservat blei skriva heilt på ny før høyring. Etter høyring har det blitt gjort fleire endringar som omhandlar drift og vedlikehald av eksisterande avløp på gnr./bnr. 14/300 og sikrings- og vedlikehaldstiltak den regulerte Oltedalselva.

Forskriftene til Ulvaskog og Hylsskaret naturreservat er ikkje endra etter høyring.

## 4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir foreslått endra som følgje av den nye verneplanen:

1. Forskrift 27.11.2020 nr. 2514 om vern av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune, Rogaland

Følgjande eksisterande vernevedtak blir foreslått oppheva som følgje av den nye verneplanen:

1. Forskrift 20.12.1996 nr. 1270 om vern av Ragstjørna naturreservat, Gjesdal kommune, Rogaland

## 5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAER

### 5.1. Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Alle areala i denne verneplanen er avsett som LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift) i kommuneplanane til dei respektive kommunane, Strand, Sauda, Suldal, Sandnes og Gjesdal.

For to av områda, Honganvik og Griggelia, blei kartlegging av naturverdiane gjennomført som del av verneplanprosessen. Hylsskaret og Griggelia blei kartlagt gjennom prosjektet Kystfuruskog 2016. I Ulvaskog blei eksisterande data, naturtypar etter Miljødirektoratets instruks 2022, samt eldre DN 13-kartleggingar, brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Alle områda, utanom Hylsskaret, er i tillegg vurdert på bakgrunn av Statsforvaltarens eigen synfaring. I Ragstjørna er det utelukkande Statsforvaltarens synfaring som ligg til grunn, men utførande Statsforvaltar har god erfaring med naturtypekartlegging og skogkartlegging.

Brukarinteresser er klarlagd gjennom kontakt med partar saka vedkjem, samt gjennom oppstartmelding og høyring av verneforslaga.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning, regulering av vassdrag, nedbygging og anna disponering av areal frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å kome andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget, slik det no ligg føre, har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere svært positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast i kroner og øre. For det første vil forslaget bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å ta vare på naturmangfaldet generelt og sjeldan og sårbar natur spesielt. Forslaget vil sikre natur som no og i framtida vil bidra med karbonfangst og lagring. Verneforslaga vil også sikre viktige område for friluftsliv, rekreasjon og oppleving, sjølv om dette ikkje er den primære verneårsaka. På lang sikt kan naturmangfaldet i verneområda vise seg å vere viktigare enn me er klar over i dag med omsyn til utvikling av til dømes medisin og andre ressursar.

### 5.2. Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområda vil vere utgifter til å restaurere natur i delar av områda, særleg der det er førekomstar av planteskog, framande treslag eller andre framande artar. I tillegg vil det kunne vere behov for skjøtsel- og forvaltningstiltak, utarbeiding av forvaltningsplan og/eller besøksstrategi for å halde oppe verneverdiane.

For desse verneforslaga vil det vere behov for å fjerne spreitt førekomst av framande artar:

- Ulvaskog – mogleg lerk og gran, samt enkelte andre artar
- Honganvik – gran, lupin, fagerfredlaus
- Ragstjørna – gran og platanlønn, mogleg også andre artar

For desse verneforslaga vil det vere behov for å fjerne større plantefelt med gran og større førekomstar av utanlandske treslag:

- Honganvik
- Ragstjørna

### 5.3. Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 08.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Betydning for tømmertilgangen blir vurdert for det arealet som er tilbode, medan betydning for vern blir vurdert for verneverdig areal innanfor tilbodet. Vurderinga blir sett inn i diagrammet i figur 6.1. Alle områda som no blir foreslåtte for vern skal ligga innanfor kategoriane som skal prioriterast for vern (grøne felt). Gjennom verneplanprosessen er det gjort tilpassingar mot skogbruksinteresser og andre interesser.

Griggelia blei tilbudd til frivillig vern allereie i 2021, og omfattast derfor ikkje av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Ei slik vurdering er likevel blitt gjort på ein meir uformell måte gjennom samhandling mellom miljøvern- og landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren i Rogaland. Resultatet blei også der at Griggelia har betydning for vern, og har mindre betydning for tømmertilgang.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1 <sup>1)</sup>
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1 <sup>1)</sup>
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
	Betydning for tømmertilgangen								

Figur 5.1 Matrise for kva området betyr for skogbruk/ tømmer tilgang og kva det betyr for vern. Grøne felt angir område der vern skal prioriterast framfor skogbruk, raude felt angir at skogbruk skal prioriterast framfor vern og gult felt angir område som må vurderast nærare av Statsforvaltar.

Tabell 5.1. Samanstilling av betydning for vern og tømmer tilgang i kvar av verneforslaga i denne verneplanen. Betydning for tømmer tilgangen blir vurdert for det arealet som er tilbode, medan betydning for vern blir vurdert for verneverdig areal innanfor tilbodet.

Område	Betydning for vern og tømmer tilgang	Kode	Tilbod areal, daa	Foreslått for vern, daa
Ulvaskog	Har stor betydning for vern, kan få betydning for tømmer tilgang	V2S6	4 047 daa	3 938 daa
Honganvik	Har stor betydning for vern, kan få betydning for tømmer tilgang	V2S6	3 265 daa	2 084 daa
Griggelia	-	-	1 819 daa	1 153 daa
Hylsskaret	Har betydning for vern, har mindre betydning for tømmer tilgang	V3S7	697 daa	414 daa
Ragstjørna	Har betydning for vern, har mindre betydning for tømmer tilgang	V3S7	181 daa	104 daa
<b>Totalt</b>			<b>10 009 daa</b>	<b>7 693 daa</b>

## 5.4. Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa fått avklart kva for kommunar som ønsker eller ikkje ønsker å overta forvaltningsmynde for sine verneområde.

Fire av områda ligg i kommunar som på det noverande tidspunkt ikkje har forvaltningsmynde for sine verneområde. Det gjeld Ulvaskog i Strand kommune, Honganvik i Sauda kommune, Griggelia i Sandnes kommune og Ragstjørna i Gjesdal kommune.

Hylsskaret naturreservat ligg i Suldal kommune som allereie har forvaltningsmynde for sine verneområde.

Ingen av kommunane har hatt ønske om å endra gjeldande praksis. Forvaltningsmynde kan dermed bli fastsett gjennom forskrifta når vernevedtaket trer i kraft.

## 6. SKILDRING AV KVART ENKELT VERNEFORSLAG MED MERKNADER OG STATSFORVALTARS TILRÅDING

Alle verneforslaga i denne verneplanen er i vernekategorien naturreservat som er det strengaste vernet i Noreg. Det meste av arealet er på privateigd grunn, men i Honganvik inngår litt kommunal grunn og ein del er statleg grunn, og i Ragstjørna er heile den foreslåtte utvidinga på kommunal grunn. Under følger skildring av kvart enkelt foreslått verneområde.

Forslag til vernekart ligg som eit bilete på slutten av kvart verneforslag. For større bilete, i A4, sjå Statsforvaltaren si nettside (lenke i brevet).

## Ulvaskog, Strand kommune

Kommune: Strand i Rogaland fylke

Eigedommar som inngår i vernet: Strand kommune, gnr./bnr. 55/2, 55/5, 57/2 (3 stk.)

Totalt areal: 3938 dekar

Skogareal, totalt: ca. 3151 dekar

Produktiv skog: ca. 1313 dekar

Verneverdi: Regionalt verdifullt

### Verneformål og særskilte verneverdiar

*«Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit stort og variert skogområde som representerer ein bestemt type natur i form av samanhengande kystfuruskog med stor førekomst av fuktkrevjande arter og regnskogsmiljø. Området har særskilt betyding for biologisk mangfald då det inneheld trua, sjeldan og sårbar natur i form av fleire raudlista naturtypar og mange raudlista artar, mellom anna regnskogartar, samt mange holer eiker med stort potensial for raudlisteartar.*

*Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.»*

Området inneheld i hovudsak furuskog på fuktig mark og med varierende bonitet som gir svært ulike utformingar av furutrea, frå dei høgreiste store trea på god skogbonitet til dei svært småvaksne, krokete trea på skrinn, fuktig mark, som likevel har høg alder. Det er i alt avgrensa 142 lokalitetar med verdifulle naturtypar, deriblant 20 lokalitetar med gammal furuskog og 13 med gammal fattig sumpskog. Vidare er det 6 lokalitetar med gammal fattig edellauvskog med eik, kor mange av dei store, gamle eiketrea i tillegg er sin eigen verdifull naturtype, hol eik. I verneforslaget er det eit svært høgt tal av naturtypen hol eik, totalt 92 lokalitetar. Gamle og holer eiketre har mange ulike habitat, både utanpå og inni seg som kan husa raudlisteartar av organismegrupper som ikkje er undersøkt. Skogen har i hovudsak fattig vegetasjon, men rikare parti finst, inkludert lågurtfuruskog og lågurteikeskog, begge raudlista i kategori VU - sårbar. I tilknytning til elvene finst flaumskogsmark, raudlista som VU - sårbar. At skogen er fuktig, syner dei mange områda med gammal fattig sumpskog og tre lokalitetar med boreonemoral regnskog utan bartredominans. Også utanom areala som er kartlagt som ein naturtype visar førekomsten av svært fuktkrevjande mosearter, til dømes purpurnose og gullhårnose, samt enkelte regnskogsartar, at det må vere eit særleg fuktig klima her.

Heile 25 raudlisteartar er påvist, og totalt 99 observasjonar av desse, blant anna ask (EN), blåstikkjav (EN), 10 VU-artar; barlind, villeple, bleik kraterlav, hornstry, kjøttkraterlav, kystsaltlav, kyststry, rød stuvlav, vass-svamose, granmeis, samt 13 NT-arter, inkludert hare. Det er også stort potensiale for fleire sjeldne og trua lavartar, sopp og insekt som lever i, og på død ved, på gamle tre av furu og holer eiker. Fuglelivet i området er truleg også artsrikt, men ikkje undersøkt i særleg stor grad. Det er likevel registrert fleire funn av granmeis (VU), ein av gauk (NT) og fleire av spettar. Eit område er avgrensa med førekomst av storfugl på 1990-talet.

Området dekker generelle manglar i skogvernet ved at det er eit stort lågareliggande område i boreonemoral vegetasjonssone med godt kjerneareal. For regionale manglar dekker området rike edellauvskogar (NT/VU) og flomskogsmark (VU). Området har mykje gammal furuskog, gammal eikeskog gammal fattig sumpskog med furu og boreonemoral regnskog utan bartredominans. Området har også litt av ein lågurtfuruskog (VU). Området fangar opp mange sjeldne og sårbare artar ved at det husar 25 raudlisteartar og har mange registreringar av fleire av desse. Verneforslaget er vurdert å ha regional-nasjonal verdi.

Ulvaskog ligg berre vel 600 m aust for Hesten naturreservat og har tilsvarande naturtypar og artsmangfald. Saman vil desse to områda danne eit tett økologisk nettverk, i tillegg til er det med på

å utfylle et godt økologisk nettverk i denne delen av fylket bestående av 3 andre verneområde og eit foreslått naturreservat lenger innover i Lysefjorden.

### **Inngrepsstatus og andre interesser**

Det er ingen registrerte kulturminne eller -bygningar innanfor verneforslaget og heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Det er registrert ein geologisk arv førekomst som går litt inn i området frå aust. Revsvatnmorenen er ein endemorene, avsett av en kort utløpar frå Lysefjordbreen (Temakart Rogaland og NGU lausmassekart). Elles har verneforslaget lite lausmassar, og ligg i stor grad på det som er registrert som bart fjell. Det er ikkje registrert førekomst av grus og pukk eller av mineral.

Verneforslaget ligg tett på store område med friluftsinnteresser mot Lysefjorden, Preikestolhytta og heiene og fjella tilknytt desse områda. Det går merka turstiar og andre stiar både inne i verneforslaget og i områda omkring. Ulvaskoghytta som er til allmenn bruk, ligg søraust i verneforslaget, ved Ulvaskogvatna.

Lnett AS har ei kraftleidning som kryssar nordleg del av verneforslaget, og ei som går langs, men utanfor vernegrensa i sørvest. Sistnemnde har så stor avstand at ein unngår konflikt.

### **Samandrag av høyringsfråsegnene til Ulvaskog**

Det har kome inn 5 høyringsuttalar til verneforslaget.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) hadde innspel til Ulvaskog i oppstartsmeldinga knytt drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg, samt naudsynt motorferdsel. I uttalen til høyringa registrerer dei at dette er inkludert i verneforskrifta. Dei registrerer også at Statsforvaltar har hatt kommunikasjonen med Lnett og at grunneigar er informert om småkraftpotensial.

Rogaland fylkeskommune støttar framlagte forslag til vern og vernereglar for alle områda.

Lnett hadde ingen nye merknader til høyringa utover dei som kom til oppstartsmeldinga, då innspela var blitt inkludert. Lnett hadde generelle innspel til oppstartsmeldinga om at standardformuleringar knytt til energi- og kraftanlegg skulle bli inkludert i verneforskriftene der dei driftar slike anlegg. I Ulvaskog kryssar ein 11 kV luftleidning verneområdet i nord og ein 132 kV luftleidning Dalen-Forsand går litt utanfor for vernegrensa langs verneområdet i sørvest.

Norges Orienteringsforbund ber om at orientering blir tillate i verneområda. Dei viser til Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet datert 22.04.2020 med forslag til endringar i forskriftsmal for naturreservat (NB. Kopi av brevet er ikkje inkludert i høyringsvedlegget).

Jærsoppen støttar vern av sårbar natur. Dei ønsker at det skal vere tillate å plukka med seg mindre mengder sopp i alle verneområda, også av andre enn dei spiselege artane, som ledd i opplæring og artsidentifikasjon.

### **Statsforvaltarens kommentarar**

Statsforvaltaren tar merknadene frå NVE, Rogaland fylkeskommune og Lnett til orientering.

Statsforvaltaren svarar Norges Orienteringsforbund at me meiner deira aktivitetar kan skade formålet med vernet ved stor slitasje og at det finst store nok areal til å driva orientering utanom verneområda, og vil dermed ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt det. Statsforvaltaren ønsker på generelt grunnlag, ikkje å gi særskilt løyve til einskilde spesifiserte aktivitetar i § 4. Dersom Norges

Orienteringsforbund ønsker å ha arrangement i verneområdet, må dei søke om dette jf. § 7 bokstav f. Statsforvaltaren kjenner ikkje til orienteringsinteresser her.


Statsforvaltaren svarar Jærsoppen at me anerkjenner at det for mange artar er naudsynt å ta med materiale for sikker artsidentifikasjon med oppslagsverk, mikroskop eller for DNA-analyse. Vidare er det viktig at amatørar har moglegheit for å læra dette. Statsforvaltaren meiner likevel at deira aktivitet kan skade formålet med vernet ved at det ofte er meir ukjende og sjeldan sopp ein plukkar med seg. Me meiner at det finst store nok areal utanfor verneområda til at det ikkje er naudsynt å gi slik opplæring inne i naturreservata. Me vil derfor ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt dette.

### Endringar etter høyring

Ingen.

### Statsforvalterens tilråding

Statsforvaltaren tilrår at området Ulvaskog blir verna som naturreservat med verneforskrift og vernekart i samsvar med høyringsforslaget.



## Honganvik, Sauda kommune

Kommune: Sauda i Rogaland fylke

Eigedommar som inngår i vernet: Sauda kommune, gnr./bnr. 1/1, 4/1, 5/1, 5/2, 6/1, 8/4, 20/6, 20/8 og 22/8 (12 stk.)

Totalt areal: 2084 dekar

Skogareal, totalt: ca. 2005 dekar.

Produktiv skog: ca. 1599 dekar.

Verneverdi: Regionalt verdifullt

### Verneformål og særskilte verneverdiar

*«Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan og sårbar natur. Området har innslag av frisk rik edellauvskog, lågurtfuruskog og flaumskogsmark, samt boreal lauvskog med bjørk og stort innslag av rogn. Den rike edellauvskogen består av eik, ask, alm og lind, nokre av trea er store og gamle og nokre er styva. I tillegg er det god førekomst av barlind. Vidare er formålet å ta vare på eit område som inneheld eit rikt fugleliv og fleire sårbare fuglearter.*

*Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.»*

Området fekk ein særskild god skogvernverdi (6,75) ved kartlegging grunna god mengde død ved og store gamle tre som gir høg naturskogsnerleik, og stort naturmangfald med både edellauvskog og furuskog på kalkrik mark. Det er i alt registrert 3 raudlista naturtypar, med store areal av frisk rik edellauvskog (NT), bra med kalk og lågurtfuruskog (VU) og noko flomskogsmark (VU). I den bratte lida er det jamt over godt innslag av edellauvtre, mykje eik, til dels store og gamle med vid krone, fleire kvalifiserer til naturtypen hol eik, i tillegg til alm (EN) og ask (EN), der fleire er styva. Edellauvskog dominert av lind (NT), med litt spisslønn og hassel finst òg. Sør for Honganvik er det parti med boreal lauvskog med uvanleg stor førekomst av rogn. Spreitt i området er det god førekomst av store barlindtre (VU). Området har generelt mykje død ved. Sørlege delar er eit viktig spetteområde med førekomst av mange spetteartar, i tillegg til at granmeis (VU), gauk (NT) og taksvale (NT) er registrert. Rovfuglar har blitt observert i nærleiken, men det er ikkje kjennskap til reir. Området ovanfor verneforslaget er nemnd som eit godt kalvingsområde for hjort. Totalt 11 raudlisteartar er påvist, blant annet alm (EN), ask (EN), barlind (VU) og lind (NT).

Området dekkjer generelle manglar i skogvernet ved at det er stort, lågareliggande område i sørboreal vegetasjonssone med god bonitetsfordeling og godt kjerneareal. For regionale manglar har området høg mangeloppfylging for, naturtypane boreonemoral regnskog, frisk rik edellauvskog (NT), inkl. alm-lindskog og hasselkratt, gammal eikeskog, kalk og lågurtfuruskog (VU) og flomskogsmark (VU). I tillegg har området stor førekomst av trua og nær trua artar, ansvarsartar og mose- og lavartar knytt til regnskogsmiljø. Verneforslaget er vurdert å ha regional-nasjonal verdi.

Honganvik ligg like nord for Vikaneset naturreservat og på andre sida av Saudafjorden ligg eit område tilbodsområde som ventar på oppstart. Begge desse har tilsvarande naturtypar og artsmangfald og saman vil desse områda danne eit sterkt økologisk nettverk i denne delen av fylket.

### Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget og heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Det er likevel ruinar av eit skulehus om lag midtvegs mellom Honganvik og Hustveit. Det finst også steingardar i området.

Jonegarden på Hustveit og kvernhusa i Hustveitelva inngår i eit regionalt verdifullt kulturmiljø og der er det fleire SEFRAK-bygningar. Ryfylkemuseet driv og har ansvar for vedlikehald av dette området som er eit sikra friluftsområde. Den sørlege delen av verneforslaget inngår i det statleg sikra friluftsområdet og er derfor eit område kor Ryfylkemuseet potensielt kan henta materiale for vedlikehald av bygningane frå. Det vil dei ha rett til, slik det er heimla i verneforskrifta.

Brukarinteressene er særleg knytt til skogbruk og friluftsliv. Verneforslaget inngår delvis i eit viktig friluftsområde, Saudafjella, og delar av det går inn i eit statleg sikra friluftsområde. Det går fleire stiar gjennom området, og delar av området er fint turterreng, men dei godt merka og mest brukte turløypene ligg utanfor verneforslaget. Det går ein eldre buføringssti mellom Honganvik og Hustveit, forbi ruinane av skulehuset og også frå Varstad og frå Honganvik og opp på fjellet til Selli.

Det er avmerkt to geologisk arv-punkt i NGUs kartdatabase. Ingen av dem er verna, men heile vegskjeringa er foreslått verna. Bergartsgrensa er eit godt eksempel på ei skyvegrense og området er lett tilgjengeleg og høver godt til ekskursionar.

Eit nettanlegg av 12,5 kV regionallinje, går nært og delvis innanfor verneforslaget, dels langs hovudvegen og dels langs gamlevegen.

Honganvikfossen/Brudesløret er avmerkt med eit digitalt småkraftpotensial, vist i NVEs kartdatabase.

### **Samandrag av høyringsfråsegnene til Honganvik**

Det har kome inn 5 høyringsuttalar til verneforslaget. I tillegg er Ryfylkemuseet sitt innspel til oppstartsmeldinga kommentert.

Rogaland fylkeskommunes støttar framlagte forslag til vern og vernereglar for alle områda. Vidare påpeikar dei at ein del av arealet i verneforslaget er del av det statleg sikra friluftslivsområdet Hustveit. Fylkeskommunen er statens representant i dei statleg sikra friluftslivsområda og skal ivareta sikringsformålet og statens interesser. Dei er positive til at foreslåtte vernereglar ikkje legg vesentlege innskrenkingar for utøving av friluftsliv. Vidare er dei positive til at vernereglane opnar for å halde eksisterande tilrettelegging ved like, og at det kan gis dispensasjon til merking av nye stiar etter søknad. Rogaland fylkeskommune ser det som positivt at det er tatt omsyn til Ryfylkemuseets innspel og at det er gitt høve til å søka om dispensasjon til hogst av etablerte plantefelt og einskilde tre av gran, samt bruk av hest og slede på tradisjonelt vis, ved uttak av gran og utanlandske treslag (§ 7 bokstav g og h). Rogaland fylkeskommune støttar framlagte forslag til vern og vernereglar.

Ryfylkemuseet hadde innspel til oppstarten og blei handtert i høyringsdokumentet. Dei forvaltar dei historiske bygningane på Hustveit på tradisjonelt vis og nemnast derfor berre her, då svaret dei fekk frå oss er også kommentert i Rogaland fylkeskommune sitt innspel til høyringa over.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) hadde innspel til oppstartsmeldinga. Merknaden til høyringa er dermed at dei registrerer at Statsforvaltar har hatt kommunikasjon med Fagne AS og at standardformuleringer knytt til nettanlegg om drift, vedlikehald og oppgradering, samt naudsynt motorferdsel i samanheng med eksisterande energi- og kraftanlegg, er inkludert i verneforskrifta. NVE registrerer vidare at grunneigar er informert om småkraftpotensial og at vernegrenser i høve dette, har blitt endra før høyringa.

Knut Saua hadde uttale til oppstartsmeldinga, formidla av Tor Olaf Johnsen. Til høyringa sendte Saua eigen uttale med ønsket om at verneplanen i Honganvik ikkje forhindrar moglegheita for å kunne etablere eit framtidig vasskraftverk. Det nemnast som sannsynleg at det ikkje er mogleg å bygga tilkomstveg eller grave ned røyrgate i den bratte fjellsida, men at ei utbygging truleg må nytta boreteknikk. Avhengig av kva for grunneigarar som kan ha ønske om å vere med på å etablere eit

kraftverk og kostnader for ulike alternativ, er det ønskeleg at verneplanen gir moglegheit for fleire alternativ. Det er ingen konkrete planar på noverande tidspunkt, men det blir foreslått to moglege alternative vassinntak, eit oppstrøms verneforslaget og eit nedstrøms.

For å oppretthalde moglegheit for inntak oppstrøms verneforslaget, må verneplanen og verneforskrifta ta omsyn til at det vil bli redusert vassføring i elva. Det er ønskeleg at dette blir belyst i høve § 3 bokstav c. Det bes vidare om at regulering av vassføring gjennom verneområdet omtalast, akseptert og ikkje blir strengare som følgje av vernet, og at det nemnast i verneforskrifta § 4.

Ved inntak nedstrøms verneforslaget vil ein måtte nytte «tunge anleggsmaskinar», men av ukjent type. Derfor seies det at det er sentralt at motorferdsel i samband med utbygging av eit framtidig vasskraftverk, inngår i § 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar. Følgande fråsegn blir foreslått: «*naudsynt motorferdsel i samband med bygging, drift og vedlikehald, av inntak for vannkraftverk, ved plassering av inntak både vest og aust for verneområde, oppstrøms Honganvikfossen*».

Norges Orienteringsforbund ber om at orientering blir tillate i verneområda. Dei viser til Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet datert 22.04.2020 med forslag til endringar i forskriftsmal for naturreservat (NB. Kopi av brevet er ikkje inkludert i høyringsvedlegget).

Jærsoppen støttar vern av sårbar natur. Dei ønsker det skal vere tillate å plukka små mengder sopp i verneområda, også av andre artar enn dei spiselege, som ledd i artsidentifikasjon og opplæring. Dette er ein endring dei to grunneigarane i denne delen av verneområdet ser for seg kunne vere ønskeleg (jf. ein oppfølgande e-post).

#### **Statsforvaltarens kommentarar**

Statsforvaltaren tar uttalen frå Rogaland fylkeskommune og NVE til orientering.

Uttalen frå Knut Saua til oppstartsmeldinga resulterte i at vernegrensa blei trekt vekk frå elvestrengen, mot sør, på naboeigedommen til Saua. Denne grensa har etter uttalen til høyringa, blitt justert endå litt lenger mot sør på eit par punkt og i tillegg trekt litt opp langs elva på gnr./bnr. 8/4, for betre å sikre at ei eventuell utbygging ikkje vil komme i konflikt med verneområdet. Avstanden til elvestrengen er no minst 20 m. Boring av vassunnel oppstrøms eller nedstrøms verneforslaget vurderast å kunne gjennomførast utan inngrep i verneforslaget. Vernegrensene kan eventuelt, trekkast endå lenger opp til der elva gjer ein sving ved stikrysset avmerkt i vernekartet.

Ønska endringar i verneforskrifta med omsyn til framtidig redusert vassføring og moglegheit for «tunge anleggsmaskinar» kan ikkje Statsforvaltaren imøtekomma då det, på noverande tidspunkt, ikkje føreligg konkrete planar. Verneforskrifta er derfor ikkje blitt endra i høve dette, sidan høyringsforslaget.

Statsforvaltaren svarar Norges Orienteringsforbund at me meiner deira aktivitetar kan skade formålet med vernet ved stor slitasje og at det finst store nok areal til å driva orientering utanom verneområda, og vil dermed ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt det. Statsforvaltaren ønsker på generelt grunnlag, ikkje å gi særskilt løyve til einskilde spesifiserte aktivitetar i § 4. Dersom Norges Orienteringsforbund ønsker å ha arrangement i verneområdet, må dei søke om dette jf. § 7 bokstav f. Statsforvaltaren kjenner ikkje til orienteringsinteresser her.

Statsforvaltaren svarar Jærsoppen at me anerkjenner at det for mange artar er naudsynt å ta med materiale for sikker artsidentifikasjon med oppslagsverk, mikroskop eller for DNA-analyse. Vidare er det viktig at amatørar har moglegheit for å læra dette. Statsforvaltaren meiner likevel at deira aktivitet kan skade formålet med vernet ved at det ofte er meir ukjende og sjeldan sopp ein plukkar

med seg. Me meiner at det finst store nok areal utanfor verneområda til at det ikkje er naudsynt å gi slik opplæring inne i naturreservata. Me vil derfor ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt dette.

### Endringar etter høyring

Endringar i vernekartet:

Vernegrensa på eigedom gnr./bnr. 5/2 og 5/1 blei justert etter oppstartsmeldinga og etter høyringa trekt endå litt lenger sør, samt litt lenger vestover, oppover kring elva. Endringa utgjør ca. 5 daa.


Endringar i verneforskrifta (*kursiv skrift* er sitat frå verneforskrifta, understreka kursiv skrift syner ny tekst):

I § 7 bokstav i er det satt inn «og vedlikehald»

*i. etablering og vedlikehald av avgrensa mengd enkle klatreruter i vegskjering og fjellside opp frå gamlevegen,*

### Statsforvalterens tilråding

Statsforvalteren tilrår at Honganvik blir verna som naturreservat med ei mindre endring i vernekartet, og ei lita endring i verneforskrifta.



## Griggelia, Sandnes kommune

Kommune: Sandnes i Rogaland fylke

Eigedommar som inngår i vernet: Sandnes kommune, gnr./bnr. 228/1 (1 stk.)

Totalt areal: 1153 dekar

Skogareal, totalt: ca. 1131 dekar

Produktiv skog: ca. 765 dekar

Verneverdi: Regionalt verdifullt

### Verneformål og særskilte verneverdiar

*«Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit skogområde som representerer ein bestemt type natur i form av fleire regnskogsmiljø i ei bratt nordvendt li ned mot Lysefjorden. Skogområdet inneheld trua, sjeldan og sårbar natur blant annet fleire fuktkevjangande artar knytt til regnskogsmiljø og raudlista naturtypar.*

*Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.»*

Verneforslaget ligg i sørboreal vegetasjonssone i bratt og nordvendt terreng i sterkt oseanisk seksjon (O3), og har ein eksposisjon som gir gode høve for fuktig klima. Fleire parti med boreonemoral regnskog finst (3 avgrensa område), men regnskogsmiljø strekk seg ut over disse med tilhøyrande fuktkevjangande artar, inkludert fleire raudlisteartar. Totalt er det registrert 12 raudlisteartar med 40 observasjonar. Horngrimemose og butturnemose er raudlista (begge VU) og ansvarsartar. Horngrimemosen finst nesten berre i Lysefjorden, og er her registrert fleire stader. Skogen er furudominert i dei øvre partia, og har større innslag av boreale lauvtre og edellauvtrær med rikare vegetasjon lenger ned mot fjorden og særleg i bekkekløftene. Nokre store styvar av alm (EN), ask (EN) og lind (NT) står langs Griggelva.

Området dekkar generelle manglar i skogvernet ved at det i stor grad er lågareliggende område i sørboreal vegetasjonssone med god bonitetsfordeling som svarar til mykje produktiv skog og godt kjerneareal. For regionale manglar har området høg mangeloppfylging for rikare element lågurt-høgstaudeskog i bekkekløfta til Griggelva. Sjølv om boreonemoral regnskog berre dekkar små areal, finst bestandar av fuktkevjangande artar som hinnebregne, purpurmose og vengemose over mykje større areal, og er eit tydeleg teikn på eit fuktregime som potensielt kan ha eller kan utvikla regnskogsmiljø. Verneforslaget er vurdert å ha regional verdi.

Griggelia ligg på sørsida av Lysefjorden og fyller eit rom omkransa av 4 verneområde som ligg med ein avstand på mellom 3-10 km. Fråfjordheiane landskapsvernområde ligg også på sørsida av fjorden, mens naturreservata Skurvedalen, Longavatnet og Hesten ligg på nordsida, og i tillegg er Ulvaskog foreslått som naturreservat. Verneområda har til dels tilsvarende og delvis varierende naturmangfald slik at dei utfyller kvarandre og dannar eit særleg godt økologisk nettverk kring Lysefjorden.

### Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget, men området inngår i eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, Lysefjorden.

Det er eit bratt og lite tilgjengeleg område så brukarinteressene vurderast å vere få. Det inngår likevel i det svært viktige friluftslivsområdet som dekkar Lysefjorden og eit mindre område i den sørlegaste delen, Skrøylå. Både friluftslivsområdet Lysefjorden og Skrøylå er svært mykje brukt, og ein av stiane går så vidt innom verneforslaget lengst sør ved Griggelitjørn.

Det er avmerkt eit digitalt småkraftpotensial i Båtাবেkken, vist på NVEs kartdatabase, men grunneigar ønsker ikkje oppretthalde høve for ei mogleg utbygging.

Statnett har ei 420 kV kraftline, Lyse-Fagrafjell, som går langs vernegrensa i søraust.

### **Samandrag av høyringsfråsegnene til Griggelia**

Det har kome inn 6 høyringsuttalar til verneforslaget.

Rogaland fylkeskommunes støttar framlagte forslag til vern og vernereglar for alle områda.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjer merksam på at naturreservatet ligg nær den eksisterande 420 kV-leidningen Lyse-Fagrafjell som er eigd av Statnett og har bede dei kommentera verneforslaget då verneforskrifta ikkje hadde fråsegn om oppgradering av kraftleidningen sidan denne ligg utanfor verneområdet. NVE registrerer at grunneigar er informert om småkraftpotensial og at grunneigar vurderer kraftutbygging som ikkje aktuelt.

Statnett eig og driftar den eksisterande 420 kV-leidningen Lyse-Fagrafjell som ligg tett inntil foreslått vern. Statnett påpeikar at avgrensinga og verneforskrifta må ivareta naudsynt omsyn til drift og utvikling av transmisjonsnettanlegget. Statnett skriv at denne leidning må fornyast i løpet av 10-15 år. Statnett har derfor merknader til 1) avgrensing, 2) verneforskrift og 3) merking i vernekart.

- 1) Statnett ber om at avgrensinga av Griggelia naturreservat ikkje blir lagt nærare enn 80 meter frå senter av den eksisterande leidninga av omsyn til naudsynt drift og moglegheitene for framtidig utvikling av transmisjonsnettet. Etter førespurnad på telefon og svar på e-post, blei leidningstraseen presisert med eit bilete slik som den er avmerkt på NVE kart (<https://temakart.nve.no/tema/skogvern>).
- 2) - Statnett ber om at § 4 bokstav h. skal endrast til «i og inntil verneområdet».  
- Statnett vil vidare at det blir gitt eit generelt unntak frå ferdselsreglane for motorisert ferdsel etter konkrete trasear som vedtatt i forskrift av 23.06.2020 om vern av Rupefjell og Selslinatten naturreservat, Notodden og Kongsberg kommuner, Viken og Vestfold og Telemark.  
- Statnett ber også om at det blir gitt eit generelt unntak frå ferdselsreglane for naudsynt bruk av drone og helikopter, i samband med vedlikehald, feilsituasjonar eller havari, og at dette inkluderer landing.
- 3) Statnett ber om at trasen for terrengkøyretøy og skogryddebelte, blir avmerkt i vernekartet.

Statnett ber om å få vere høyringspart i det vidare verneplanarbeidet.

Lnett hadde ingen nye merknader til høyringa utover dei som kom til oppstartsmeldinga, då innspela var blitt inkludert. Lnett hadde generelle innspel til oppstartsmeldinga om at standardformuleringar knytt til energi- og kraftanlegg skulle bli inkludert i verneforskriftene der dei driftar slike anlegg. I Griggelia går ein 132 kV luftleidning Lysebotn-Tronsholen 3 søraust for verneområdet. Lnett oppgir at leiningen ligg utanfor verneområdet og vil ikkje komma i konflikt med det. Dei har ingen planar om nye anlegg innanfor verneområdet.

Norges Orienteringsforbund ber om at orientering blir tillate i verneområda. Dei viser til Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet datert 22.04.2020 med forslag til endringar i forskriftsmal for naturreservat (NB. Kopi av brevet er ikkje inkludert i høyringsvedlegget).

Jærsoppen støttar vern av sårbar natur. Dei ønsker det skal vere tillate å plukka små mengder sopp i verneområda, også av andre artar enn dei spiselege, som ledd i artsidentifikasjon og opplæring.

## Statsforvaltarens kommentarar

Statsforvaltaren tar uttalen frå NVE og Lnett til orientering.

Statnett er høyringspart i verneplanarbeidet, og har kome med innspel i høyringsprosessen.

Statsforvaltaren har vurdert uttalen frå Statnett og kommenterer ønska endingar slik:

- 1) Avgrensing: Statsnetts 420 kV transmisjonsnett Lyse-Fagrafjell ligg heilt utanfor vernegrensa. Statsforvaltaren etterkommer ikkje Statsnetts ønske om ein avstand på 80 m frå senterlinja til denne leidningen, då det vurderast som unødvendig å halde av så store areal for vedlikehald og potensiell fornying innan 10-15 år. Det vurderast at ei fornying av denne linja innan 10-15 år, mest sannsynleg vil, og har moglegheit til å bli lokalisert anna stad enn på nord- og vestsida av eksisterande leidning på den korte strekningen forbi det foreslåtte verneområdet.

Sidan Statsforvaltaren i høyringsutkastet hadde nytta leidningstraseen slik den er avmerkt på Norgeskart og syner på flybilette frå 2019 (Temakart Rogaland), var vernegrensa teikna ut etter det som truleg er ein utdatert trasé. Etter oppfølgande korrespondanse med Statnett på telefon og e-post, datert 31.05.2024, er korrekt leidningstrasé frå NVE temakart no nytta (<https://temakart.nve.no/tema/skogvern>). Denne er òg teikna inn på vernekartet.

Vernegrensa er på bakgrunn av dette justert til å ligge tett inntil rydde- og råderettsbeltet på 20 meter til kvar side av senterlinja av den oppgitte leidningstraseen, med eit unntak. Størst grenseending er det ved Griggeltjørn, der det for Statsforvaltaren er sterkt ønske om å få heile tjørna og så mykje som mogleg av myra kring nordenden, med i vernet. Dette vil bidra til eit sterkare vern for tilsiget ned i bekkekløfta langs Griggelielva, kor nokon av dei største verdiane i området er kartlagt. Myra er òg for sin eigen del viktig, og sidan myra ikkje er skogkledd og kraftleidningen her er godt heva over terrenget, er avgrensinga på eit lite areal trekt inn i rydde- og råderettsbeltet. Det er lite truleg at det trengs skogrydding her, men skjøtselsrydding vil bli tillate under generelle unntak frå vernereglane i verneforskrifta § 4. For å letta samarbeidet med Statnett er vernegrensa endra slik at driftstraseen ikkje lenger går inne i verneområdet, men ligg like på utsida. På sikt vil Statsforvaltaren be grunneigar om lov til å sette opp eit gjerde i vernegrensa forbi driftstraseen. På denne måten blir vernet av myra styrka, ved at ein forhindrar unødig motorferdsel og anna ferdsl i ein naturtype som tar lett skade av slik aktivitet. Lenger austover kor skogen står høg og stor, må det jamleg ryddast i rydde- og råderettsbeltet, og her er vernegrensa sett med litt større avstand til denne.

- 2) Verneforskrift: Statsforvaltaren vedkjenner at det i § 4 bokstav h skal stå «i og inntil verneområdet». Statsforvaltaren har vidare gjort endringar i verneforskrifta som går på skjøtselshogst på myra nordaust for Griggeltjørna, naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall, drift og vedlikehald på eksisterande energi- og kraftanlegg, og oppgradering og fornying av eksisterande anlegg, samt naudsynt overflyging med drone og helikopter. Statsforvaltaren vurderer at det er nok plass og betre tilhøve for start og landing på utsida av vernet. Med drone kan ein endåtil stå i rydde- og råderettsbeltet for start og landing, og ein er dermed svært tett på anlegget som skal inspiserast. Sidan driftstrasen ikkje lenger inngår i foreslått verneområde er det heller ikkje tatt med reglar for vedlikehald av denne.
- 3) Driftstrasen for terrengkøyretøy er avmerkt i vernekartet, sjølv om den ikkje lenger inngår i foreslått verneområde. Rydde- og råderettsbeltet inngår for det meste ikkje i verneområdet, og det er derfor ikkje merka i vernekartet, men dette er likevel tatt med i eit lite detaljkart kring Griggeltjørn kor vernet går litt inn i skogryddebeltet.

Statsforvaltaren svarar Norges Orienteringsforbund at me meiner deira aktivitetar kan skade formålet med vernet ved stor slitasje og at det finst store nok areal til å driva orientering utanom verneområda, og vil dermed ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt det. Statsforvaltaren ønsker på generelt grunnlag, ikkje å gi særskilt løyve til einskilde spesifiserte aktivitetar i § 4. Dersom Norges

Orienteringsforbund ønsker å ha arrangement i verneområdet, må dei søke om dette jf. § 7 bokstav f. Statsforvaltaren kjenner ikkje til orienteringsinteresser her.

Statsforvaltaren svarar Jærsoppen at me anerkjenner at det for mange artar er naudsynt å ta med materiale for sikker artsidentifikasjon med oppslagsverk, mikroskop eller for DNA-analyse. Vidare er det viktig at amatørar har moglegheit for å læra dette. Statsforvaltaren meiner likevel at deira aktivitet kan skade formålet med vernet ved at det ofte er meir ukjende og sjeldan sopp ein plukkar med seg. Me meiner at det finst store nok areal utanfor verneområda til at det ikkje er naudsynt å gi slik opplæring inne i naturreservata. Me vil derfor ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt dette.

### **Endringar etter høyring**

Endringar i vernekartet:

- Vernegrensa sør og aust for Griggelitjørn, er justert for å ligge utanfor, men tett inntil rydde- og råderettsbeltet på 20 meter til kvar side av senterlinja av korrekt leidningstrasé. I nordaustleg ende av tjørna er grensa trekt inn i skogryddebeltet, for å gje auka vern til myra (sjå grunngeving i førre avsnitt).
- Traseen for terrengkøyretøy (driftstrasé) er avmerkt i vernekartet.

Endringar i verneforskrifta (*kursiv skrift* er sitat frå verneforskrifta, understreka kursiv skrift syner ny tekst):

I § 4 er eit punkt i sletta fordi det var gjentatt, det gjeld bokstav d. Slettes: vedlikehald av eksisterande stiar, forutsett at trevirke blir liggande att i naturreservatet.

I § 4 bokstav h er det ei tilføyning «i og».

To nye punkt lagt til i § 4, bokstav d og bokstav i.

*§ 4 Generelle unntak frå vernereglane:*

*Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for*

*d. skjøtselshogst på myra nordaust for Griggelitjørn i samband med kraftleidningen,*

*h. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.*

*i. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.*

I § 6 er det eit nytt punkt:

*§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane, andre ledd:*

*Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for*

*e. naudsynt overflyging med drone og helikopter i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall, feilsituasjonar eller havari på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av drone og helikopter i verneområdet, skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.*

To nye punkt lagt til i § 7, bokstav h og bokstav j.

I § 7 bokstav i, er det ei tilføyning.

I § 7 bokstav k, er visningar til andre paragrafar oppdatert.


*§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar*

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til*

- h. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4,
- i. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg.
- j. naudsynt overflyging med drone og helikopter i samband med inspeksjon og vedlikehald.
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f og g, § 7 bokstav a, b, g og h.

**Statsforvalterens tilråding**

Statsforvaltaren tilrår at Griggelia blir verna som naturreservat med dei endringar i verneforskrift og vernekart som beskrive ovanfor.



## Hylsskaret, Suldal kommune

Kommune: Suldal i Rogaland fylke

Eigedommar som inngår i utvidinga: Suldal kommune, gnr./bnr. 88/1 (1 stk.)

Totalt areal: 12 127 dekar totalt, utviding: ca. 414 daa

Skogareal i utvidinga: 401 dekar

Produktiv skog i utvidinga: 262 dekar

Verneverdi for heile Hylsskaret naturreservat: Regionalt verdifullt

### Verneformål og særskilte verneverdiar

Eksisterande Hylsskaret naturreservat blei oppretta 27.11.2020, og gjeldande verneformål blir foreslått vidareført:

*«Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av eit større samanhengande skogsområde frå fjord til fjellhei, med stor variasjon i skogsnaturtypar frå varmekjær edellauvskog med alm, ask, lind og hassel til gamal barskog dominert av furu, og skog og bekkekløfter med høg luftfuktigheit, og med fleire sjeldne og raudlista artar. Området inneheld kulturminne som eldre tuftar, husmannsplassar og einskilde store styvar av alm og ask.*

*Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.»*

Utvidinga av Hylsskaret inneheld ein raudlista naturtype, rik edellauvskog, to mindre bekkekløfter og 5 raudlista artar. Utanom ask (EN), alm (EN), lind (NT) er det funne kantknollvrangmose (VU) og butturnemose (NT) som begge i tillegg er ansvarsartar. Området har lauvdominert skog med bjørk ned mot fjorden og skogen blir meir furudominert oppover i lia. Det er avgrensa ein rik edellauvskog med ask, alm, lind og hassel kring Stora Bukkajuvet. Der veks det ei lang rekke kalkkrevjande karplantar og ein interessant moseflora. Osp, rogn, selje, gråor og hegg har stadvis gode førekomstar. Området er nokså urørt, sjølv om ein ikkje kan utelukka tidlegare ekstensivt beite og plukkhogst. Heile området er nordvendt og har høg luftfuktigheit, noko som gjer at det finst eit velutvikla epifyttelemeant av mosar og lav, og som også kan gje grunnlag for regnskogsartar og annan sjeldan og trua mose- og lavflora. Området inneheld fleire grove styvingstre av ask (VU) og lind (NT).

Utvidinga tilfører eksisterande naturreservat verneverdiar som økt areal og naturkvalitetar knytt til raudlista naturtypar og artar. Verneforslaget er vurdert å ha regional verdi.

### Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget, men området inngår i eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, Hylsfjorden og Suldalsvatnet.

Det er eit bratt og lite tilgjengeleg område så brukarinteressene vurderast å vere få. Det er ingen interesser avmerkt på NGUs, NVEs kartdatabasar.

### Samandrag av høyringsfråsegnene til Hylsskaret

Det har kome inn 6 høyringsuttalar til verneforslaget.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan ikkje sjå nokon energiinteresser i verneforslaget utviding av Hylsskaret naturreservat.

Suldal kommune er positiv til ei utviding av reservatet på sørsida av Hylsfjorden. Suldal kommune har forvaltningsmynde for alle naturreservata i kommunen. Dette vil ikkje endrast med ei utviding. Suldal kommune ønsker derfor å behalde forvaltningsmynda for Hylsskaret naturreservat slik det er i dag.

Naturvernforbundet i Suldal uttrykker glede over at Hylsskaret naturreservat blir utvida. Samtidig er dei uroa over mangel på midlar til ytterlegare skogvern.

Rogaland fylkeskommunes støttar framlagte forslag til vern og vernereglar for alle områda.

Norges Orienteringsforbund ber om at orientering blir tillate i verneområda. Dei viser til Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet datert 22.04.2020 med forslag til endringar i forskriftsmal for naturreservat (NB. Kopi av brevet er ikkje inkludert i høyringsvedlegget).

Jærsoppen støttar vern av sårbar natur. Dei ønsker det skal vere tillate å plukka små mengder sopp i verneområda, også av andre artar enn dei spiselege, som ledd i artsidentifikasjon og opplæring.

#### **Statsforvaltarens kommentarar**

Statsforvaltaren tar uttalen frå Suldal kommune, NVE, Naturvernforbundet i Suldal og Rogaland fylkeskommune til orientering.

Suldal kommune får behalde forvaltningsmynda for Hylsskaret naturreservat slik det er i dag.

Statsforvaltaren svarar Norges Orienteringsforbund at me meiner deira aktivitetar kan skade formålet med vernet ved stor slitasje og at det finst store nok areal til å driva orientering utanom verneområda, og vil dermed ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt det. Statsforvaltaren ønsker på generelt grunnlag, ikkje å gi særskilt løyve til einskilde spesifiserte aktivitetar i § 4. Dersom Norges Orienteringsforbund ønsker å ha arrangement i verneområdet, må dei søke om dette jf. § 7 bokstav f. Statsforvaltaren kjenner ikkje til orienteringsinteresser her.


Statsforvaltaren svarar Jærsoppen at me anerkjenner at det for mange artar er naudsynt å ta med materiale for sikker artsidentifikasjon med oppslagsverk, mikroskop eller for DNA-analyse. Vidare er det viktig at amatørar har moglegheit for å læra dette. Statsforvaltaren meiner likevel at deira aktivitet kan skade formålet med vernet ved at det ofte er meir ukjende og sjeldan sopp ein plukkar med seg. Me meiner at det finst store nok areal utanfor verneområda til at det ikkje er naudsynt å gi slik opplæring inne i naturreservata. Me vil derfor ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt dette.

#### **Endringar etter høyring**

Ingen.

#### **Statsforvalterans tilråding**

Statsforvaltaren tilrår at utvidinga blir verna som naturreservat og lagt til eksisterande Hylsskaret naturreservat i samsvar med høyringsforslaget.



## Ragstjørna, Gjesdal kommune

Kommune: Gjesdal i Rogaland fylke

Eigedommar som inngår i utvidinga: Gjesdal kommune: 14/6-7,48, 14/300 (2 stk.)

Totalt areal: 652,5 dekar totalt, utviding: ca. 104 daa

Skogareal i utvidinga: ca. 29 dekar

Produktiv skog i utvidinga: ca. 22 dekar

Verneverdi for heile Ragstjørna naturreservat: Regionalt verdifullt

### Verneformål og særskilte verneverdiar

Eksisterande Ragstjørna naturreservat blei oppretta 20.12.1996. Verneforskrifta er heilt omarbeida ved at den er tilpassa nyaste forskriftsmal, oppdatert i høve dagens situasjon og den er omsett til nynorsk sidan det er målforma til dei fleste seinare verneforskriftene i Rogaland.

Verneformålet har blitt foreslått endra for å ivareta endringa i verneinnhold i og med at det no inkluderast eit skogvern i tillegg til det opphavlege formålet:

*«Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit variert område som inneheld fleire typar natur, mellom anna både ope og tresatt våtmark, elveløp, sjeldan og sårbar flaumskogsmark og eit verneverdig steinblokkssystem av kvartærgeologisk opphav. Området er eit viktig hekke- og overvintringsområde for våtmarksfugl, og føremålet er derfor også å ta vare på det naturlege dyrelivet som er knytt til området, samt den naturleg tilhøyrande vegetasjonen.*

*Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.»*

Verneforslaget, utvidinga, gir vern til ein verdifull flaummarkskog med relativt gamle svartortre og med innslag av noko ask (EN), samt furu, bjørk og rogn. I ein slik fuktskog står trea ganske laust i grunnen og det finst ein god del rotvelte og liggande død ved. Verneforslaget fører til ein meir heilskapleg arrondering av det eksisterande verneområdet ved at det inkluderer område som naturleg høyrer til våtmarksområdet kring Ragstjørna. Med utvidinga kan ein også forhindra at den opne myra får fortsetta å gro igjen med furu og sitkagran spreitt frå plantefeltet.

Området fyller manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er eit lågtliggende (<300 moh) fuktskogområde av den raudlista naturtypen flaummarkskog (VU) på høg bonitet.

### Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Brukarinteressene er særleg knytt til friluftsliv. Det går enkelte stiar gjennom området, og området er populært nærturterreng. Det meste av verneforslaget inngår i Storemyr, eit regionalt viktig friluftsområde frå 2004. Sørleg del, både av verneforslaget og det eksisterande verneområdet inngår i Uburhedlaren, som er eit svært viktig friluftslivsområde. I tillegg har Learøysa i Oltedal lenge vore eit populært buldreområde (Buldreinfo).

To geologisk arv-område er avmerkt. Blokkryggene ved Ragstjørna og Rage, ligg i det eksisterande verneområdet, er som er verna frå 20.12.1996 (NGU).

Det går ein skogsbilveg like på sørsida både av verneforslaget og det eksisterande verneområdet. Nord i verneforslaget, på nordsida av Oltedalsåna går ein turveg.

Lnett har tre 52 kV kraftliner som går litt innanfor både eksisterande verneområde og utvidinga sør i verneforslaget.

### **Samandrag av høyringsfråsegnene til Ragstjørna**

Det har kome inn 8 høyringsuttalar til verneforslaget.

Stavanger kommune hadde innspel etter oppstart og til høyringa. Stavanger kommune fekk utsett høyringsfrists for å handsama saka i Stavanger formannskap sitt møte den 16. mai 2024. Formannskapet sitt einstemmige vedtak blei: «*Stavanger kommune stiller seg positiv til foreslått utvidelse av Ragstjørna naturreservat i Gjesdal kommune*». Stavanger kommune bringer også vidare, i uttalen til oppstartsmeldinga, at Jæren Friluftsråd, som legg til rette området for friluftsliv, er positive til foreslått utviding. Friluftsrådet hadde innspel til ny verneforskrift om at det gis høve til å søke dispensasjon til etablering av nye, merka stiar gjennom området dersom det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, og mogleg for å kunne etablering av fugletårn etter søknad dersom det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Gjesdal kommune er positive til at 6 dekar av Gjesdal kommunes eigendom, gnr. 14, bnr. 300 inngår som frivillig vern av skog, som utviding av Ragstjørna naturreservat. Dei ønsker at ein 50 meter turstubb lengst sør på deira eigedom skal kunne haldast ved like. Gjesdal kommune ønsker at resten av den opphavelege Storemyr på Stavanger kommunes eigedom, skal inkluderast i vernet og restaurerast. Dei stiller spørsmål til om det burde vore ei buffersone mellom naturreservatet og industriområdet slik at grensa ligg sør for turvegen på Stavanger kommunes eigedom. Gjesdal kommune påpeikar at det må inn eit nytt punkt i § 7 om spesifiserte dispensasjonsreglar som går på drift og vedlikehald av VA og OV leidningar frå reinseanlegg og industriområde.

Rogaland fylkeskommunes støttar framlagte forslag til vern og vernereglar for alle områda.

Lnett hadde innspel til oppstartsmeldinga og hadde ingen nye innspel til høyringa. Lnett viste der til at utvidinga vil komma i konflikt med fleire luftleidningar, 50 kV Oltesvik-Oltedal, 50 kV Maudal-Oltedal og 50 kV Gilja-Oltedal. Lnett har planar om å rive dei to sistnemnde, men behalde siste del av leidningane inn til Oltedal. Næraste mastepunkt som er planlagt rive, ligg like utanfor vernegrensa.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) hadde innspel til oppstartsmeldinga og registrerer i høyringa at standardformuleringer knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, er inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samanheng med eksisterande energi- og kraftanlegg. Vidare gjer NVE merksam på at Oltedalselva som er regulert i forbindelse med kraftproduksjon i Oltedal vasskraftverk og utløpskanalen, går gjennom både utvidinga og eksisterande verneområde. NVE ber om at føresegn om rydding i høve flaum tas med i verneforskrifta sidan fråsegn om rydding i samband med flaumsikring i regulerte vassdrag er standard i konsesjonsvilkår. Som eit døme på korleis slike fråsegn kan takast i vare visar dei til § 4 bokstav j, § 6 bokstav h og § 7 bokstav r, i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune. Vidare er NVE positive til at det i § 7 i verneforskrifta, er lagt inn høve til å søka dispensasjon for drift, vedlikehald og nødvendig oppgradering av utløpskanalen. Dei ber Lyse Kraft DA om å kommentera om dette dekkjer deira behov.

Lyse Kraft DA har i sin uttale lagt ved uttalen frå NVE. Der stadfester dei at foreslått formulering knytt til utløpskanal for Oltedal kraftverk dekkjer deira behov. Ut over dette ber dei om at det tas inn i verneforskrifta for Ragstjørna at vernereglane ikkje skal vere til hinder for manøvrering av Ragsvatn innanfor etablert reguleringspraksis. Dette er naudsynt då Ragstjørna renn ut i Ragsvatn og dei ligg på omtrent same kotehøyde. Ragsvatn er regulerings- og inntaksmagasin for Oltesvik kraftverk.

Norges Orienteringsforbund ber om at orientering blir tillate i verneområda. Dei viser til Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet datert 22.04.2020 med forslag til endringar i forskriftsmal for naturreservat (NB. Kopi av brevet er ikkje inkludert i høyringsvedlegget).

Jærsoppen støttar vern av sårbar natur. Dei ønsker det skal vere tillate å plukka små mengder sopp i verneområda, også av andre artar enn dei spiselege, som ledd i artsidentifikasjon og opplæring.

### **Statsforvaltarens kommentarar**

Statsforvaltaren tar uttalanane frå Stavanger kommune, Lnett og NVE til orientering.

Statsforvaltaren tar vedtaket frå formannskapet i Gjesdal kommune til orientering, og svarar på nokre av innspela slik:

Alle turstiar og turveggar skal kunne haldast ved like som på vernetidspunktet. Statsforvaltaren vurderer at det er naturleg at vernegrensa går heilt ut til eigedomsgrensa mot industriområdet, og at den bør det for å verne best mogleg om skogen som dannar kantsona til Oltedalselva. Kantsoner til vatn- og vassdrag er svært viktige for det biologiske mangfaldet.

På innspelet om å verne resten av Storemyr, svarar Statsforvaltaren at frivillig skogvern ikkje kan nyttast til å verne ein planteskog med gran som har endra den opphavlege naturtypen frå open myr og myrskogsmark til treplantasje som ikkje lenger reknast som natur, men sterkt endra mark. Før arealet kan vurderast om det kvalifiserer til vern, må ein i gang med restaurering av myr.

Statsforvaltaren har sett inn eit nytt punkt i § 7 om spesifiserte dispensasjonsreglar som går på drift og vedlikehald av VA og OV leidningar frå reinseanlegg og industriområde.

Statsforvaltaren har i verneforskrifta gitt høve til å søke dispensasjon for etablering av nye, merka stiar og fugletårn i § 7, slik Jæren Friluftsråd førespurte.

På innspelet frå NVE om at føresegn om rydding i høve flaum tas med i verneforskrifta, svarar Statsforvaltaren at det er tatt med eit punkt om dette i § 4 og § 6 som går på rydding ved akutt behov for sikringstiltak mot flaum og § 7 som går på planmessig rydding for sikringstiltak mot flaum. Sidan det blei gjort merksam på at Ragstjørna, på grunn av omlag same høgdekote, blir direkte påverka av vasstandsregulering i Ragsvatn i samband med at dette er regulerings- og inntaksmagasin for Oltesvik kraftverk, har det blitt tatt inn eit nytt punkt i verneforskrifta som omhandlar dette.

Statsforvaltaren svarar Lyse Kraft DA at eit nytt punkt tas inn i verneforskrifta § 4 om at vernereglane ikkje skal vere til hinder for manøvrering av Ragsvatn innanfor etablert reguleringspraksis.

Statsforvaltaren svarar Norges Orienteringsforbund at me meiner deira aktivitetar kan skade formålet med vernet ved stor slitasje og at det finst store nok areal til å driva orientering utanom verneområda, og vil dermed ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt det. Statsforvaltaren ønsker på generelt grunnlag, ikkje å gi særskilt løyve til einskilde spesifiserte aktivitetar i § 4. Dersom Norges Orienteringsforbund ønsker å ha arrangement i verneområdet, må dei søke om dette jf. § 7 bokstav f. Statsforvaltaren kjenner ikkje til orienteringsinteresser her.

Statsforvaltaren svarar Jærsoppen at me anerkjenner at det for mange artar er naudsynt å ta med materiale for sikker artsidentifikasjon med oppslagsverk, mikroskop eller for DNA-analyse. Vidare er

det viktig at amatørar har moglegheit for å læra dette. Statsforvaltaren meiner likevel at deira aktivitet kan skade formålet med vernet ved at det ofte er meir ukjende og sjeldan sopp ein plukkar med seg. Me meiner at det finst store nok areal utanfor verneområda til at det ikkje er naudsynt å gi slik opplæring inne i naturreservata. Me vil derfor ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt dette.

### **Endringar etter høyring**

Endringar i verneforskrifta (*kursiv skrift* er sitat frå verneforskrifta, understreka kursiv skrift syner ny tekst):

To nye punkt lagt til i § 4, bokstav k og bokstav l:

#### *§ 4 Generelle unntak frå vernereglane:*

*Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for*

- k. naudsynt rydding av vegetasjon i elveleiet til den regulerte Oltedalselva og utløpskanalen ved akutt sikringstiltak mot flaum. Det skal i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- l. vasstandsendingar i Ragstjørna som skuldast manøvrering av Ragsvatn innanfor etablert reguleringspraksis for Oltesvik kraftverk.

Eit nytt punkt i § 6 andre ledd:

#### *§ 6 Generelle unntak frå ferdelsesreglane*

*Ferdelsesreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for*

- d. naudsynt motorferdsel i samband med rydding av vegetasjon i elveleiet til den regulerte Oltedalselva og utløpskanalen som akutt sikringstiltak mot flaum, jf. § 4 bokstav k. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

I § 7 er det tre nye punkt, og bokstav k er oppdatert med omsyn til visningar til andre paragrafar:


#### *§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar*

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til*

- h. naudsynt drift og vedlikehald av eksisterande avløp på gnr./bnr. 14/300 VA leidning frå IVAR sitt reinseanlegg i Oltedal og OV leidning frå industriområdet,
- l. planmessig rydding av vegetasjon i elveleiet til den regulerte Oltedalselva og utløpskanalen som sikringstiltak mot flaum,
- m. fysiske tilretteleggingstiltak i Oltedalselva for å betre tilstanden for vassmiljøet og redusera skadeverknader i samband med eksisterande kraftutbygging,
- n. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav c, i og j, og § 7 bokstav f, h, k, l og m.

### **Statsforvalterans tilråding**

Statsforvaltaren tilrår at utvidinga blir verna som naturreservat og lagt til eksisterande Ragstjørna naturreservat med vernekart som i høyringa og med endringar i verneforskrifta som beskrive over.



## 7. Vedlegg

Vedlegg 1. Forslag til vernekart

Vedlegg 2. Verneforskrifter, samla

Vedlegg 3. Avveging skogbruk – skogvern, samla.

Vedlegg 5. Høyringsfråsegner, samla

Vedlegg 6. Oppstartsfråsegner, samla

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb. 59, 4001 Stavanger | [sfropost@statsforvalteren.no](mailto:sfropost@statsforvalteren.no) |

